Morten Stige og Terje Spurkland (red.): *Tingvoll kyrkje. Gåta Gunnar gjorde*. (Senter for middelalderstudier. Skrifter nr. 21.) Trondheim 2006: Tapir akademisk forlag. 333 s. ISBN 978-82-519-2189-3.

Bokomtale ved Klaus Johan Myrvoll

Denne boki er eit resultat av det redaktørane kallar eit «grubleseminar» på Tingvoll våren 2005. Femtan skandinaviske millomalderforskarar med bakgrunn frå so ulike fag som kunstsoga, arkeologi, runologi, kyrkjesoga og geologi kom i lag og sette ljos, kvar frå sin ståstad, på eitt og same objekt: millomalderkyrkja på Tingvoll. I den upretensiøse nemningi «grubleseminar» ligg det at forskarane ikkje hadde med seg nokon endelege og fastlagde meiningar um kyrkja, men at dei kunde tenkja høgt og kasta fram ulike hypotesar.

Når Tingvoll-kyrkja kunde verta emne for eit slikt seminar, og seinare for denne boki, kjem det av at ho skil seg ut frå andre millomalderkyrkjor som i nytid hev tent som soknekyrkjor. Ho er på storleik med dei trøndske fylkeskyrkjone (32 meter lang), det er eit innfløkt gangsystem i murane, på korgavlen finst det ein balkong, og kyrkjesylvet (kalk og disk) skal vera av det finaste i Norderlandi. Viktugast av alt er kann henda runeinnskrifti, prominent plassert i koret, som fortel at ein Gunnar «gjorde» kyrkja.

Dei sentrale spursmåli som Tingvoll-kyrkja reiser, er: Kven lét reisa kyrkja? Kvifor fekk ho ei slik storfelt utforming? Kva funksjon hadde ho? Kvifor vart ho lagd nett til Tingvoll? Og kven er den Gunnar som er nemnd i runeinnskrifti?

Boki er delt i fire bolkar, og det er i hovudsak forfattarane i den andre bolken, «Bakgrunn og omgivelser», som freistar å svara på desse spursmåli. Dei gjev noko ulike svar. Fyrst ute er Bjørn Ringstad, som tek fyre seg det arkeologiske materialet (s. 51–71). Han legg vekt på at garden Tingvoll låg ved den indre skipsleidi på Vestlandet, som gjekk gjenom Langfjorden i Romsdalen og yver Tiltereidet (no i Nesset kommune) ut i Tingvollfjorden. Garden er sentralt plassert um lag midveges på denne fjorden, godt skjerma inne i ei bukt (Tingvollvågen). Det er funne steinsetjingar på neset på nordvestsida av Tingvollvågen (Øygardsneset) som hev vorte identifiserte som ein tingkrins. Dette hev so vorte knytt til namnet *Tingvoll*, som gjev grunn til å tru at dette er ein gamal tingstad. Garden Tingvoll og området ikring er likevel relativt fatigt på fundar og fornminne. Ringstad skriv at det «er lite i det arkeologiske mate-

rialet som tilsier at det her, senere i middelalderen, skulle gjennomføres et svært ressurskrevende tiltak i form av bygging av en stor steinkirke» (s. 70).

So langt arkeologien. Audun Dybdahl tek mål av seg å svara på spursmålet «Hvem bygde Tingvoll kirke?» (s. 73–94), utlagt som den instansen eller personen som tok initiativet til å få kyrkja bygd og som bar kostnaden. Dybdahl vil underbyggja at det ikkje fanst økonomisk grunnlag for eit slikt tiltak i lokalmiljøet, men hev eit for trongt utgangspunkt: Han røkjer etter yteevna og eigedomstilhøvi til gardane i det som kring år 1900 var Tingvoll herad, men misser då store delar av det området som utgjorde det upphavlege prestegjeldet. Han grunngjev dette med at det seinare heradet femnde om «alle gårder som lå nærmest kirken ut fra datidens kommunikasjonsforhold» (s. 79). No rekk ikkje det gamle Tingvoll herad serleg langt nord for kyrkjestaden; Straumsneset og Aspøya fell utanfor – og med di den adelege sætegarden Straum (Kanestraum) og storgarden Aspa (5 spann i 1647). Aspa er nemnd so tidleg som i 1319 (DN XXI nr. 21), og i lag med dei hine gardane på Aspøya (i alt ca. 12 spann) og nokre til hev denne garden vore grunnstomnen i eit jordegods som hev vore halde nokolunde samla nedgjenom hundradåri i éi og same ætt. Den rike jordeigaren Erik Audensson på Kvalvåg (d. 1655), som Dybdahl nemner, var av denne ætti. I 1647 åtte han eigedomar på Nordmøre til ei landskuld på 80 spann; det meste av dette var rett nok kaupegods. Etter di Dybdahl avgrensar seg til det seinare Tingvoll herad, vert gjenomgangen av jordegodset åt Erik og upphavet til det noko amputert. Ikkje berre det: Når Dybdahl gjeng inn på einskilde gardar, haltar resonnementi hans, og sumtid gjev han range upplysningar. Um garden Erik budde på, Kvalvåg (2 spann 2 øyre i 1647), skriv Dybdahl: «Erik bodde selv på Kvalvåg, men dette var en gård som i senmiddelalderen lå til erkesetet. Sannsynligvis ble gården kjøpt av erkebiskop Gaute (1475–1510). Alt tyder på at selgeren, Jon Ivarsson, var av Aspa-ætten» (s. 90). Her slær det ein, at dersom Kvalvåg vart seld til erkesætet av ein medlem av Aspa-ætti, kann ikkje det leida fram til konklusjonen åt Dybdahl, at «vi må melde pass i jakten på store og heleide gårder som eventuelle bosteder for en stormannsætt i Tingvoll i høymiddelalderen» (sst.).

Det kann vera grunn til å sjå nærare på eigedomstilhøvi til Kvalvåg, som er ein sentralt plassert gard ved munningen av Tingvollfjorden. Kjelda til upplysningi um at erkesætet kaupte garden, er ei sein innførsla i Aslak Bolts jordebok, som vel er frå erkebiskop Gautes tid: «Af Hwal<w>ogha b*ygt fire* ij sp*o*n som wij køpte af Ion Iffu*arssyne*» (s. 116 i 1997-utgåva). Av ei onnor innførsla i jordeboki (s. 121) ser me at Gaute kaupte ein gardpart i Sunndalen av (den same) Jon Ivarsson. At dette er den Jon Ivarsson av Aspa-ætti som budde på fiskeværet Veien i 1519, er det ingen grunn til å tvila på. No tyder det meste på at den parten i Kvalvåg som vart seld til erkesætet

– for det var ein part, ikkje heile garden, som Dybdahl synest tru –, vart kaupt attende på odel av systerson åt Jon, Torstein Eiriksson, kann henda ein gong i 1550-åri. Enno i 1548–49 var 2 spann i Kvalvåg ein del av «Stiictenns landskyld» (NLR VI s. 129), men det kann sjølvsagt vera at desse uppgåvone ikkje var uppdaterte. I alle høve lyt Torstein ha løyst inn odelsgodset sitt innan fresten på seksti år. I 1528 og 1531 kaupte han dessutan tri øyrespartar i Kvalvåg frå ymist skyldfolk, i alt 1 spannsleiga (DN XXI nr. 753, 780 og 781). Ved å løysa inn parten frå erkesætet vart han sitjande med heile garden, og i skiftet etter Torstein Eiriksson og kona Gurun Jonsdotter i 1577 ervde sonen Ivar 2 spann i «Kuamuog»; det var truleg heile garden på det tidspunktet (landskuldi kunde, som me veit, ymsa noko). Sidan enda garden upp hjå brorsonen Erik Audensson. Når Dybdahl skriv at Erik Audensson fekk Kvalvåg i gåva frå kongen i 1639, som kompensasjon for eit lån, hev han mistydt kjeldeteksti. Der heiter det berre at Erik og kona hans «maatte deres Livstid for samme udlagte Sølv nyde den Gaard Kvalevaag, han paabor, samt en Sag, der underliggendes er, ved Navn Nedre Rovik, for Afgift, Skat og Tynge kvit og fri» (NRR VII, s. 504). Det er eit skattefritak det dreiar seg um, ikkje avhending av garden.

Med andre ord hadde Kvalvåg med undantak for ein periode fyrst på 1500-talet tilhøyrt forfederne åt Erik. Kor langt attende dette godset strekkjer seg, veit me ikkje, men etter di dei som selde partar i Kvalvåg til Torstein Eiriksson i 1528 og 1531, var etterkomarar av bror åt morfar hans, Ivar Trondsson, lyt garden ha vore i eiga åt foreldri deira att. Venteleg var Kvalvåg ein lut av farsarven åt mori Jorann Aslaksdotter (n. 1443). Det er rett som Dybdahl skriv (s. 90), at ætti auka godset sitt på Nordmøre munaleg i andre helvti av 1400-talet, men Kvalvåg var altso ikkje del i denne auken. Når Ivar Trondsson kaupte gardar på Nordmøre på denne tidi, hekk det truleg saman med at han busette seg i Aspa og vilde konsentrera jordegodset sitt um Nordmøre (eit samtidigt brev syner at han åtte både ein part i ein bygard i Bergen og jordegods «sunnan Stadh», DN XXI nr. 535). Slik geografisk restrukturering av jordegodset er vanleg innanfor det jordeigande aristokratiet. Det tyder likevel ikkje at me ikkje må rekna med ein kjerne, ein grunnstomn, som gjeng langt attende i tid. Kvalvåg, som ligg like yver fjorden for Aspøya, hev etter alt å døma vore ein lut av denne grunnstomnen.

Som nemnt gjev Dybdahl upp å finna «store og heleide gårder som eventuelle bosteder for en stormannsætt i Tingvoll i høymiddelalderen», og han freistar å underbyggja det soleis i framhaldet: «For det første er det lite adelsgods i dette området i nyere tid, for det andre lar Aspa-ætten seg neppe følge tilbake til slutten av høymiddelalderen» (s. 90). Det *er* lite adelsgods i Tingvoll på 1600-talet, men yversyni yver eigedomsfordelingi i 1661 på s. 89 hjå Dybdahl syner at so mykje som 43 ½ av

85 ½ spann var anten borgar- eller bondegods. Mykje av dette kann ha tilhøyrt eit lokalt aristokrati i millomalderen. At Aspa-ætti ikkje lèt seg fylgja so langt attende som til slutten av høgmillomalderen (1200-talet), er ikkje uventa – det gjeld flestalle norske ætter – og serleg ikkje i eit kjeldefatigt område som Nordmøre.

Eit anna argument Dybdahl nyttar mot hypotesen um at eit lokalt aristokrati stod attum kyrkjebyggjingi, er at det ikkje finst døme på «lendmenn eller andre høvdinger» i Tingvoll i norrøne sogor. Men umtalen av dei nedslagi Tingvoll faktisk hev gjort i denne litteraturen, er so altfor sparsam hjå Dybdahl. Heppeleg er Terje Spurkland meir utførleg i artikkelen sin, «Litterære spor etter Gunnar, som gjorde dette hus» (s. 95–112). Tri av kongesogone frå 1200-talet nemner Tingvoll: Sverre-soga fortel at fleire hundrad baglar laut søkja ly på Tingvoll gjenom nokre vettermånader i år 1200; baglarsoga fortel at nokre baglar atter rømde undan til Tingvoll i 1205, og syslemannen deira der, Guttom Tvare, fall i ein samanstøyt med birkebeinar; og i Soga um Håkon Håkonsson les me at ein av Håkons hirdmenn fór til Nordmøre og vitna um at hertug Skule hadde vorte teken til konge på Øyretinget i 1239; på Tingvoll fann han Åsolv bonde, som til vanleg heldt til på Austrått, storgarden på Ørlandet.

Spurkland peikar på at det må ha vore nokon på Tingvoll som kunde gjeva baglarflokken husrom og mat i yver tvo månader i 1200, og spyrr (s. 108): «Kan ikke det tyde på at det må ha vært stormenn på storgårder der som kunne sørge for disse baglerne?» Eg vil svara eit klårt ja. Likeins: Når Åsolv på Austrått, ein av Håkons fremste menn, var på Tingvoll i 1239, «hadde han vel en grunn til å være der, og noen hadde han vel å ta inn til» (s. 109). Me fær tru det.

«I hele denne perioden var kirken under oppføring eller nettopp fullført», skriv Spurkland (s. 109), og han undrast um ikkje kyrkjebyggjaren Gunnar kann ha høyrt til i dette miljøet. Det er godt mogelegt. Dybdahl, på si sida, vil hava denne Gunnar til å vera identisk med frostatingslagmannen Gunnar Grjonbak (d. 1232). Denne hypotesen fyreset at Tingvoll-kyrkja ikkje berre *fekk* funksjon som fylkeskyrkja, men at ho vart bygd for nett det fyremålet. No er det berre det at Gunnar Grjonbak snaudt kann ha vore kyrkjebyggjar av reint kronologiske grunnar. Um det er rett at Tingvoll-kyrkja vart påbyrja i 1170-åri (jf. denne boki s. 13), kann ikkje den iduge kyrkjebyggjaren ha vore stort meir enn ti–femtan år gamal. Gunnar er nemnd fyrste gong i Sverre-soga, kap. 153, i samband med hendingar i året 1198, utan at det gjeng fram at han er lagmann då. Sidan er han nemnd i Soga um Håkon Håkonsson, kap. 86 ff., i samband med riksmøtet i Bjørgvin 1223. Då vert det sagt at han er den eldste lagmannen i landet og at han tok ved lagmannsembættet «um daga Sverris ok Eysteins erkibiskups». Truleg er meint tidi etter at erkebiskop Øystein kom heim frå England og tri års utlegd og vart forlikt med kong Sverre, d.e. millom 1183 og 1188, då Øystein

døydde. Sverre hadde vel heller ikkje trong til nokon lagmann i Trøndelag fyre han hadde vorte einekonge i 1184, jf. det som stend um riksutbyggjing i Sverre-soga, kap. 100.

I skildringi av riksmøtet i 1223 fær me ei onnor viktug upplysning um Gunnar Grjonbak: Han kallar seg «kotkarsbarn» og ser helst at han slepp å døma millom hovdingar: «For då kong Sverre gav meg dette umbodet, baud han meg greida saker millom kotkarar og ikkje millom hovdingar» (kap. 91). Ein *kotkarl* var ein fatig bonde, småbonde, og Gunnar høyrde soleis avgjort ikkje til det jordeigande aristokratiet; han var ein av dei mange som vart lyfte upp av kong Sverre. Han skulde med andre ord ikkje hava utkoma til å driva med kyrkjebyggjing, i minsto ikkje i ung alder. Ein peikepinn um alderen åt Gunnar fær me òg ved å sjå på livsgangen åt son hans, Einar Smjørbak. Han er nemnd fyrste gong i 1240 då han gav Håkon Unge kongsnamn på Øyretinget (Soga um Håkon Håkonsson, kap. 223), vart erkebiskop i 1254 og døydde i 1263. Venteleg var Einar ikkje fødd fyrr um lag 1200, og faren Gunnar tidlegast um lag 1160. Kor det no er med kronologien; ein spyrr seg kva ein trønderlagmann, som visseleg hev vore trønder sjølv, skulde byggja kyrkja på Nordmøre for.

Alle forskarane i denne boki synest å rekna med at Tingvoll-kyrkja fungerte som fylkeskyrkja, men me hev ikkje noko prov for det. Spursmålet um fylkeskyrkjestatus stend sentralt i den siste artikkelen i denne bolken, som Olav Tveito hev skrive (s. 113–127). Tveito viser til at ein historikar som Gerhard Schøning tok det for gjeve at kyrkja hadde vore fylkeskyrkja då han vitja Tingvoll i 1773. Tveito nemner ymse tilhøve som skal peika i den leidi, men ingi av deim er serskilt yvertydande: Kyrkja er bygd i stein og er elles «uvanleg stor og flott» (s. 115); på Schønings tid fanst det ei stor steinrøys nære kyrkja som kann ha vore ein gravhaug med kultisk funksjon; det hev etter alt å døma vore tingstad her, og Tingvoll er i det heile «ein tenleg stad å kome saman for dei som høyrde til på sjølve Nordmøre» (s. 116). Men kyrkja må ha lege avbakleg til for deim som kom frå Fosenhalvøyi, som òg høyrde til Nordmørsfylket i millomalderen. Tveito tenkjer seg at det kann ha vore eit eige administrativt sentrum i den luten av fylket og ei tilsvarande «halvfylkeskyrkje» (truleg Veklem på Ørlandet), eit umgrip som Jørn Sandnes hev lansert.

Eg undrast på um ikkje den gamle steinkyrkja på Edøya (på Smøla), som er um lag like gamal som Tingvoll-kyrkja, er ein betre kandidat til fylkeskyrkja i Nordmørsfylket. Edøy-kyrkja er rett nok munaleg mindre, men Edøya var kongsgard (3 av 3 ½ spann i 1647) og administrasjonssentrum: Syslemannen i sudluten av Nordmørsfylket (det seinare Nordmøre futedøme) budde her, og denne sysla vart ei tid kalla «Edøy len». Um det i minsto i byrjingi var éi fylkeskyrkja for heile Nordmørsfylket, ligg Edøya so mykje betre til, sentralt i Trondheimsleidi.

Full vissa um kven det var som stod attum byggjingi av Tingvoll-kyrkja, fær me truleg aldri. Eg vil likevel meina at hypotesen åt Spurkland um eit lokalt initiativ stend minst like sterkt som den meir sentralistiske hypotesen åt Dybdahl. Som eg hev synt, er ikkje argumenti åt Dybdahl mot lokal-hypotesen avgjerande, og den koplingi han sjølv gjer, av kyrkjebyggjaren Gunnar med lagmannen Gunnar Grjonbak, er ikkje truande. Kor som er, alt dette er hugsvalande å grùna på, og med denne boki hev me fenge eit godt utgangspunkt for vidare diskusjon.

Um dei hine bolkane i boki, som tek upp for det meste arkitektoniske og kunsthistoriske emne, hev eg lite å melda, og eg skal berre stutt nemna kva dei einskilde artiklane handlar um. Den fyrste bolken, «Oppsummering og introduksjon» (s. 11–48) inneheld ein uppsummerande artikkel av redaktørane, «Hva vet vi nå?», og ein yversynsartikkel av Øystein Ekroll med den flotte tittelen «Tingvoll – kyrkje for alle tider», som umtalar tidlegare gransking og vitskapleg skildring av kyrkja, frå Ole Worm i 1622 og fram til i dag, og som gjer greida for alle viktuge endringar frå kyrkja stod ferdug og fram til restaureringsarbeidi i 1928–29.

I den tridje, største bolken, «Kirkebygningen» (s. 129–238), vert det sett ljos på nær sagt alle sidor ved det fysiske objektet: Inge Bryhn skriv utførleg um bygningssteinen, Margrete Syrstad Andås um «Spor etter religiøs praksis på Tingvoll på 1200-tallet», der ho serskilt tek fyre seg innvigjingskrossar, nisjar, altar og portalar; Morten Stige gjer greida for det serskilde gangsystemet i murane, Anne Marta Hoff skriv um korskiljeveggen og dei ymse endringane han hev vore gjenom, og Ola Storsletten rekonstruerer den upphavlege takkonstruksjonen. Endeleg hev Markus Dahlberg tvo artiklar i denne bolken; han kjem med «Några associationer i ett nordisk perspektiv», ei heller ålmenn umskoding, og han skriv serskilt um balkongen på austgavlen og kva den kann ha vore nytta til (lagerplass, utvendig preikestol eller klokkeuppheng).

Den fjorde bolken, «Kirkekunst og inventar» (s. 239–298), inneheld tri artiklar: Kjartan Prøven Hauglid skriv um steinskulpturen i kyrkja, m.a. tvo søylehovud på kvar sida av korbogen, korportalen og eit messeur; Ebbe Nyborg skriv um «Altersølvet og dets plads i 1200-tallets guldsmedekunst», medan Margrethe C. Stang gjer greida for interiøret som kom til i seinmillomalderen, med hovudvekt på kalkmålarstykki på veggene, som det berre finst restar av i dag.

Forutan alt dette hev hovudredaktøren for bokrekkja åt Senter for middelalderstudier – som boki kjem ut i –, Audun Dybdahl, og redaktørane for boki skrive kvar sine fyreord.

Det segjer seg sjølv at denne boki gjev mykje ny og ikkje minst systematisert kunnskap um Tingvoll-kyrkja, og venteleg leverer ho eitt og anna originalt tilskot til

dei fagfelti som er representerte òg. Ho er vèl detaljrik og kann vera noko tung å lesa, serleg um ein som denne meldaren lyt lesa henne frå perm til perm. Sumtid er det nytta for mykje plass på slikt som er på sida av saki. Det gjeld t.d. den drjuge utgreidingi um messeur i artikkelen åt Kjartan Prøven Hauglid, som gjeng yver ti sidor. Ei strengare redigering hadde vore ein fyremun. Då hadde ein venteleg òg fenge luka ut mange av mistaki som finst i denne boki. Her skal berre nemnast nokre av dei mest kuriøse: Namnet åt baglarkongen *Filippus* (Simonsson) er stava «Phillipus» (s. 99), og stadnamnet *Visnes* (på Nordmøre) er skrive «Vistnes» tvo gonger på s. 141. «Ferøyane» på s. 174 vert òg feil. Prestegjeldet i Nordland heiter *Alstahaug*, ikkje «Alstadhaug» (s. 182). Kvædet åt Sigvat heiter på rett norrønt *Erfidrápa Óláfs helga*, ikkje «Erfidrápa Olafs Helga» (s. 249), og på moderne norsk heiter det *orknøyjarlen*, ikkje «Orkneyingejarlen» (s. 165). Meir til meins er det at det er berre eitt grafisk nivå på millomtitlane; det gjer den indre disposisjonen i artiklane uklår.

Trass i dette fortener redaktørane ros for dei mange illustrasjonane, figurane, karti og tabellane i boki, ikkje minst for mange gode fargefoto frå Tingvoll-kyrkja. Det hev gjort *Tingvoll kyrkje. Gåta Gunnar gjorde* til ei vakker bok som vekkjer nyfikna og som det er lett å orientera seg i.

Bibliografi

Aslak Bolts jordebok. Utg. Jon Gunnar Jørgensen. Oslo 1997.
DN = *Diplomatarium Norvegicum*. Bd. XXI. Oslo 1976.
NLR = *Norske lensrekneskapsbøker 1548–1567*. Bd. VI: *Rekneskapsbøker for Trondheims len 1548–1549 og 1557–1559*. Oslo 1939.
NRR = *Norske Rigs-Registranter 1523–1660*. Bd. VII: *1635–1640*. Christiania 1880.
Skattematrikkelen 1647. Bd. XIII: *Møre og Romsdal fylke*. Oslo 1975.

Klaus Johan Myrvoll (f. 1981) er master i norrøn filologi frå Universitetet i Oslo. Korrekturlesar i Dag og Tid, medredaktør for Norsk slektshistorisk tidsskrift. Hev skrive artiklar og bokmeldingar i vitskaplege tidsskrift. Hev redigert *Høvdingen. Om Snorre Sturlasons liv og virke* i lag med John Ole Askedal (Vidarforlaget 2008). Arbeider for tidi med ei nyutgåva av *Odyssevskvædet*, attdikta av Arne Garborg. Adressa: Middelthunsgate 11, 0368 Oslo, e-post: klaus@dagogtid.no